Var född på Grimsosen i Höjanger
Kyrkjebö kommune 18. mai 1929.
Mor hadde ringa Inga Grytten,
ein nabo på Gryta til å vere
der. Inga var sjukesyster, og
ein tykte det var trygt at
ho var komen på forhand sidan
ho skulle fö på Grimsosen.
Jordmora kom også på 17. mai,
men kjedde seg veldigt at det
drog så lenge ut. Men ein
tykte ikkje synd i henne for
ho hadde kjærasten med seg.
Og ein sa at ho oppvarta dei heile dagen.
Vart döypt i Vevring kyrkje.
Fyrste åra var på Grimsosen.
Begynte tidleg å gå på ski.
Vart forteld at 3 år gamal

gjekk eg damelangrennsløypa.
Dèi tre fyrste skuleåra var
det mor som underviste.
Ho hadde tidlegare undervist
både Kåre og Konrad, men det va
1 år med Kåre og 2 år med Konrad.
Etter dei tre fyrste skuleåra
reiste eg til Berge for å gå
på skule. Der var todelt skule
men eg gjekk kvar dag i to
veker, og så var eg heime i
to veker.
På Berge budde eg hos Sjur
og Pernille Berge, det same
som dei andre sysknia mine
hadde gjort.
Var ikkje så lett å reise
heimanfrå, men hadde det godt

på Berge.
Læraren, Severin Glenjen, var ein forståelsefull lærar.
Det vart jo ekstra for han at eg må ha eige opplegg dei dagane eg gjekk med småskulen.
Etter fire år på Berge begynte eg på realskulen i Hjømeland.
~~Eg hadde ikkje hatt engelsk på Berge.~~ Elevane i Hjømeland hadde hatt engelsk på folkeskulen. Det hadde eg ikkje hatt.
Eg tok difor privat undervisning hos frk Gundersen.
Var litt tungt til å begynne med å følgje med i klassen, men gjekk bra etter kvart.
Fyrste året hadde eg hybel hos

Andreas Tefre, og fekk middag hos Ingeborg og Matias Bach. Dei to siste åra budde eg hos Inger Bakken i Sandvika. Kvar helg var eg heime på Griniosen. Våren 1945 var det stor jubel då freden kom.

I Hjuangen hadde det vore mykje lysskarar, og ein del nasist[illegible]. Ein av lærarane hadde vore i lærarsambandet, og vart avsett. Det var vel den flinkaste læraren vår, og var nok heller ingen ommeldar.

Vinteren 1947-48 var det sykurs i kommunalt regi i Vevring. Kursstaden var i Redal[illegible] og hus vart leigt hos Alf.

I skulekjellaren var det sløydkurs
på same tid. så sykurs
Det var Jenny som var lærar. V
Ho hadde gått eit år på kjole-
saumkurs på industriskulen i
Bergen. Vi fekk lære både å
risse (lage mønster) og sy.
Far hadde fått tak i trømaskin
til meg.
Vi rodde på Grytan, det var
Jenny, Ingrid Grytten, Alma Funelid
Ønzebø, Andrea Ønzebø, og meg
i ein båt.

Om hausten reiste eg til Bergen.
Gjekk på industriskulen.
Der var 3 månad kjolesaum-
kurs. Fekk hybel hos dei same

som Jenny hadde budd hos.
Det var i Nye Sandviksvei.
Etter nyttår gjekk eg på husmorskule i Fitje.
Den var på den tid i det gamle Sivertsen hotell, der butikken Domus seinare vart bygd.
Den sommaren etter gifte Jenny og Olav seg. Eg fekk då praktisere kunnskap med å lage [illegible] til bryllaupet deira.
Om hausten reiste eg til Bergen igjen. Gjekk eit kurs i linsaum og etter jul eit i prydsaum.

## Sommar på Grypa.

Frå eg var heilt liten var eg på Grypa kvar sommar.
Vi reiste til Grypa når skulen var

slutt, mor og vi borna.
Far kom også når han hadde ferie. Det var alltid kjekt tykte vi å vere på Gryta.
Det var mykje for oss å vere med på. Og frå vi kunne klare det var vi med på gards-arbeid. Og det var kjekt å vere i lag med Olav som vi elles ikkje var så mykje saman med.
Eg vart også konfirmert i Vinje. Konfirmasjonsforbereidingane var om sommaren, så eg fekk med meg dei fleste gongane.
Nokre år om sommaren gjette eg på stølen. Vi gjette opp om kvelden, og med att om morgonen. Det at eg var så mykje på

Gruppa gjorde nok at Alf og eg vart kjende.

Sommaren 1952 forlova vi oss. Denne hausten begynte eg som husmorvikar i Vaustdal. Jobba der til våren 1953. Då var det førebuingar til bryllaupet som skulle vere 11. juli. Eg sydde nye gardiner til huset. Og sydde sengklede som var vanleg å sy sjølv den gongen.

Elles var det mykje å ordne med.

Det skulle vaskast rundt i alle rom.

Elles måtte vi vaske i skulehuset der bryllaupet skulle

ure. Anna Steinhovden var her
då og hjelpte oss. Vi hadde elles Aniga
Nora Leikanger, syster til Emil i
Vatnelia til å hjelpe oss.
Dette vart gjort like før bryllaupet.
Vidar og John Lund frå Bergen
kom også nokre dagar før.
Dei ordna seg elles med plass til
å ligge på loftet i skulehuset
både til seg og Anna og borna.
Elles fekk vi låne huset på
Apleböen. Der laga vi flatsenger.
Lånte madrassar på „Førde fjord".
Hos Hanna fekk vi også låne
ymse sengklede.
Frå Bergen ville fleire av Alf
sine slektningar kome.
Det var borna til Abraham,

Alf sin onkel.
Det var systrene Jenny og Ernn
og broren Charles.
Både Erna og Charles hadde
kvar sin gut med seg.
Alle desse kom nokre dagen før
sjølve bryllaupet.
Sofie V. Redal var og hjelpte
til å lage mat, og ho kokte
og vi åt i kjellaren.
Far og mor kom også nokre dagar
før. Birthe hadde stelt godt
med ein kalv (gjøkalv)
Den skulle vere til bryllaups-
middagen.
Det var Birthe og far som ordna
med å stelle, parere kalven.
Tilreisande gjester kom fredag,

bryllaupsafta.
Så då var det dekka i stuck-stova, og servert mylse.
Alt dekketøy hadde vi leigt på Florø glasmagasin.
Kokka og oppvartarane kom bryllaupsafta.
Vi hadde leigt Vevrings fjord til kyrkjebåt, og Sverre Gjørring-bø var båtføraar.
Etter mykje regn og råtver, kom dagen med fint ver, men det var kald nordavind.
Jørgen Husekleppr, som hadde vore her som prest tidlegare, vigde oss.
Til middag var det også dekka i kjellaren.

Til kaffi var det bløtkake, formkake og kremkake.

Sundag var det rømmegraut (og fisk).

Litt om korso du vart fødd.
På siste kontroll hos lege før B-K vart fødd, fekk eg beskjed av dr. Hauge at eg måtte reise til Florø same dagen. Hugsar han sa at han trudde ikkje mannskapet på rutebåten var så flinke jordmødrer. Det var i kommunen dr. hadde „termin" den dagen.
Så vel heime att kom eg her, var det å ordne seg og leige båt å gå til Florø.

Eg fekk bu med Astrid Redal
som, ~~budde~~ var i Florø ~~der oust~~
Allereie om natta skjønte eg at
det var noko på gang.
Då om morgonen var det å koma
seg på sjukehuset. Brit-Kari vart
fødd om kvelden

Før Oddvar sin fødsel hadde
vi bestemt at eg skulle føde
heime.
Jordmora, Signe Hegrenes, kom
på formiddagen. Oddvar vart
fødd om kvelden.

Ved Martha sin fødsel var
eg også heime. Det gjekk veldig
fort. Fekk Ludvik Løvik til å gå
å henta jordmora på Lisetberget.

Men Martha kom på jordmora,
så det var Stff som måtte hjelpe
til. Men det gjekk bra.

---

## Lars

Vinteren 1958 var eg vikar for
Jørgina Vetvik på skulen på Grytan
og Redal. Rodde til Grytan, båten
låg i Øvre-Grytan støa.
Dagar med dårleg vêr, reiste eg
med rutebåten.
Skuleåret 63-64 hadde eg full
lærarpost i Rørvik krins.
Reiste med båten til Kvammen.
Sat på drosjå med Lyder Rørvik
til Rørvik. Lyder køyrde mjølkespann
til Kvammen. Heimatt fylgde eg
Sigurd Skjærlid til Kunneset, og så

henta Alf oss dei med motorbåtar.
Ein kveld i vika overnatta eg hos Anna Røvik.
For kortare tid var eg også litt vikar i Evammen, Gjelsvik, Flotlema, Gygra og. Lengste tida var på Gygra. Då budde eg hos Målfrid og Leiv Gygren.

Postopneri

Johannes Håland hadde postopneriet her. Men han sa opp
Eg sökte på det, og var tilsett 1/1-58. Men i 61 var det snakk om nedleggingen av postopneri.
Så vart Redal og Vevring vart nedlagde. Det vart utlyst landpoststilling. Eg slutta 1/5-69 og då begynte Alf som landpostbud."

Lars.

Ved Lars sin fødsel skulle eg
reise til Florø.
Hadde tinga å bu hos Kitty
Kvalestad. Ho var ei som
brukte å ha inne mange fødande
Ventetida der vart ikkje lang.
Kom inn på sjukehuset kvelden
etter at eg var komen ut. Og fødde
same kvelden